



Notat

Dato: 23.05.2014
Arkivsak: 2014/16861-4
Saksbehandlar: karnyga3

Til: Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vedk. kontraktar med Bergen-Nordhordland Rutelag

Skyss har i dag to kontraktar med Bergen-Nordhordland Rutelag AS (BNR):

- Båtsambandet Kleppestø-Nøstet som går ut 31.12.14
- Ferjesambandet Klokkevik-Hjellestad som går ut 31.01.17

Leiinga i BNR har i møter med Skyss våren 2014 informert om at den økonomiske situasjonen i selskapet er kritisk. På bakgrunn av den økonomiske situasjonen i selskapet har leiinga informert om at fortsatt drift berre vil vere mogleg i ei avgrensa tidsperiode framover.

Nordea, som er BNRs største kreditor med uteståande pantesikra gjeld på ca 20 MNOK, har i møte med Skyss informert om at dei vil vurdere omgåande sal av fartøya i BNR så snart det melder seg kjøpar.

Frå Skyss si side har det vore heilt avgjerande å sikre seg forutsigbarheit knytt til avvikingstidspunktet for kontrakt om ferjesambandet Klokkevik-Hjellestad. For å unngå lengre tidsperiode med mogleg driftsstans på sambandet, er Skyss avhengig av å sikre at det kjem ny kontrakt på plass på sambandet frå det tidspunkt BNR legg ned drifta.

Av omsyn til passasjerane har difor Skyss avtalt styrt avviking av gjeldande kontrakt på ferjesambandet med verknad frå 01.10.14. Skyss har på si side stilt vilkår om at BNR skal frambringe erklæring frå Nordea om at fartøyet «Sundferja» ikkje blir seld med overlevering til framtidig kjøpar tidligare enn 01.10.14.

Skyss har på denne bakgrunn starta arbeidet med å førebu anbodskonkurranse for ny kontrakt på sambandet Klokkevik-Hjellestad.

Når det gjeld båtsambandet mellom Kleppestø og Bergen overtar Norled sambandet frå 01.01.15 etter nyleg gjennomført anbodskonkurranse. BNR er forplikta til å halde drifta på dette sambandet i gang fram til nemnte tidspunkt. For det tilfellet at «Snarveien» vert seld og overlevert ny kjøpar

før 01.01.15 skal BNR sørge for drift på sambandet Kleppestø-Nøstet med alternativt fartøy med tilstrekkeleg kapasitet.